

## EUROPAPARLAMENTS- OG RÅDSDIREKTIV 2002/95/EF

2005/EØS/58/28

av 27. januar 2003

## om avgrensning av bruk av visse farlege stoff i elektrisk og elektronisk utstyr(\*)

EUROPAPARLAMENTET OG RÅDET FOR DEN EUROPEISKE UNIONEN HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet, særleg artikkel 95,

med tilvising til framlegget frå Kommisjonen<sup>(1)</sup>,

med tilvising til fråsegna frå Økonomi- og sosialutvalet<sup>(2)</sup>,

med tilvising til fråsegna frå Regionutvalet<sup>(3)</sup>,

etter den framgangsmåten som er fastsett i artikkel 251 i traktaten, på grunnlag av det felles framlegget frå Forliksutvalet av 8. november 2002<sup>(4)</sup>, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) Ulikskapane mellom dei lovene og forskriftene som er vedtekte av medlemsstatane med omsyn til avgrensning av bruken av visse farlege stoff i elektrisk og elektronisk utstyr, kan skape handelshindringar og vri konkurransen i Fellesskapet og dermed ha direkte innverknad på skipinga av og verkemåten til den indre marknaden. Difor verkar det naudsynt å tilnærme lovgjevinga i medlemsstatane på dette området og medverke til vern av menneskehelsa og til miljøvennleg attvinning og disponering av avfall frå elektrisk og elektronisk utstyr.
- 2) Under møtet sitt i Nice 7.-9. desember 2000 godkjende Det europeiske rådet rådsresolusjon av 4. desember 2000 om føre-var-prinsippet.
- 3) I kommisjonsmeldinga av 30. juli 1996 om revisjon av fellesskapsstrategien for avfallshandtering er det lagt vekt på at innhaldet av farlege stoff i avfall må redusereast, og dei moglege føremonene ved fellesskapsreglar for avgrensning av innhaldet av slike stoff i produkt og i produksjonsprosessen vert understreka.
- 4) I rådsresolusjon av 25. januar 1988 om eit fellesskaps-handlingsprogram for motkjemping av miljøreining med kadmium<sup>(5)</sup> vert Kommisjonen oppmoda til utan opphald å halde fram med utarbeidinga av særlege tiltak for eit slikt program. Menneskehelsa må òg vernast, og

ein overordna strategi som særleg avgrensar bruken av kadmium og fremjar forskning på avløysingsstoff, bør difor innførast. I resolusjonen vert det streka under at bruken av kadmium bør avgrensast til tilfelle der det ikkje finst høvelege og tryggare alternativ.

- 5) Tilgjengelege prov viser at tiltak innanfor innsamling, handsaming, attvinning og disponering av avfall frå elektrisk og elektronisk utstyr slik det er fastsett i europaparlaments- og rådsdirektiv 2002/96/EF av 27. januar 2003 om avfall fra elektrisk og elektronisk utstyr (WEEE)<sup>(6)</sup>, er naudsynte for å redusere dei avfallshandteringsproblema som er knytte til dei aktuelle tungmetalla og dei flammehemmande midla. Trass i desse tiltaka vil likevel viktige delar av avfall frå elektrisk og elektronisk utstyr framleis verte disponerte gjennom dei vanlege disponeringskanalane. Sjølv om avfall frå elektrisk og elektronisk utstyr vert samla inn separat og attvunne, vil innhaldet av kvikksølv, kadmium, bly, krom VI, PBB og PBDE kunne utgjere ein fare for helsa og miljøet.
- 6) Med omsyn til kva som er teknisk og økonomisk mogleg å gjennomføre, er utskifting av desse stoffa i elektrisk og elektronisk utstyr med trygge eller tryggare materiale den mest effektive måten å sikre ein vesentleg reduksjon av risikoane for helsa og miljøet på, slik at det fastsette vernnivået i Fellesskapet kan nåast. Ei avgrensning av bruken av desse farlege stoffa vil truleg gjere det enklare og meir økonomisk lønsamt med attvinning av avfall frå elektrisk og elektronisk utstyr, og minske den negative innverknaden deira på helsa til arbeidstakarar ved attvinningsanlegg.
- 7) Dei stoffa som er omfatta av dette direktivet, har vore gjennom nøye vitenskapleg forskning og vurdering og vore underlagde ulike tiltak både på fellesskapsplan og nasjonalt plan.

(\*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 37 av 13.2.2003, s. 19, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 147/2003 av 7. november 2003 om endring av EØS-avtalens vedlegg II (Tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 7 av 12.2.2004, s. 26.

<sup>(1)</sup> TEF C 365 E av 19.12.2000, s. 195 og TEF C 240 E av 28.8.2001, s. 303.

<sup>(2)</sup> TEF C 116 av 20.4.2001, s. 38.

<sup>(3)</sup> TEF C 148 av 18.5.2001, s. 1.

<sup>(4)</sup> Europaparlamentsfråsegn av 15. mai 2001 (TEF C 34 E av 7.2.2002, s. 109), felles haldning frå Rådet av 4. desember 2001 (TEF C 90 E av 16.4.2002, s. 12) og europaparlamentsvedtak av 10. april 2002 (enno ikkje kunngjort i TEF). Europaparlamentsavgjerd av 18. desember 2002 og rådsavgjerd av 16. desember 2002.

<sup>(5)</sup> TEF C 30 av 4.2.1988, s. 1.

<sup>(6)</sup> Sjø TEU L 37 av 13.2.2003, s. 24.

- 8) Dei tiltaka som er fastsette i dette direktivet, tek omsyn til eksisterande internasjonale retningslinjer og tilrådingar, og byggjer på ei vurdering av tilgjengeleg vitenskapleg og teknisk informasjon. Tiltaka er naudsynte for å nå det vernnivået som er fastsatt for menneske- og dyrehelsa

og for miljøet med tanke på dei risikoane som mangelen på tiltak vil kunne skape i Fellesskapet. Tiltaka bør vurderast på nytt og om naudsynt tilpassast for å ta omsyn til tilgjengeleg teknisk og vitskapleg informasjon.

- 9) Dette direktivet skal nyttast utan at det rører ved regelverket til Fellesskapet om tryggleiks- og helsekrav og det særskilde regelverket for avfallshandtering i Fellesskapet, særleg rådsdirektiv 91/157/EØF av 18. mars 1991 om batterier og akkumulatorer som inneholder visse farlege stoffer<sup>(1)</sup>.
- 10) Det bør takast omsyn til den tekniske utviklinga av elektrisk og elektronisk utstyr som ikkje inneheld tungmetall, PBDE og PBB. Straks vitskaplege data er tilgjengelege bør det, samstundes som det vert teke omsyn til førevar-prinsippet, undersøkjast om det er mogleg å forby andre farlege stoff og byte dei ut med meir miljøvennlege alternativ som sikrar eit minst like godt vernnivå for forburkarane.
- 11) Det bør gjevast unntak frå kravet om utskifting dersom utskifting ikkje er mogleg frå eit vitskapleg og teknisk synspunkt, eller dersom den negative innverknaden av utskiftinga på miljøet eller helsa er venta å vere større enn dei føremonene ho har for menneske og miljø. Utskifting av farlege stoff i elektrisk og elektronisk utstyr bør òg gjerast på ein måte som kan sameinast med helsa og tryggleiken til brukarane av elektrisk og elektronisk utstyr (EEE).
- 12) Ettersom ombruk, reparasjon og lenging av levetida er positivt, bør reservedelar vere tilgjengelege.
- 13) Tilpassinga til den vitskaplege og tekniske utviklinga av unntaka frå krava med omsyn til fjerning av og forbod mot farlege stoff bør gjennomførast av Kommisjonen ved ein utvalsframgangsmåte.
- 14) Dei tiltaka som er naudsynte for å gjennomføre dette direktivet, bør vedtakast i samsvar med rådsbeslutning 1999/468/EF av 28. juni 1999 om fastsettelse av nærmere regler for utøvelsen av den gjennomføringsmyndighet som er tillagt Kommisjonen<sup>(2)</sup> —

VEDTEKE DETTE DIREKTIVET:

#### *Artikkel 1*

##### **Mål**

Målet med dette direktivet er å tilnærme lovgjevinga i medlemsstatane med omsyn til avgrensing av bruken av farlege stoff i elektrisk og elektronisk utstyr, og å medverke til vern av

menneskehelsa og til miljøvennleg attvinning og disponering av avfall frå elektrisk og elektronisk utstyr.

#### *Artikkel 2*

##### **Verkeområde**

1. Utan at det rører ved artikkel 6 skal dette direktivet nyttast på elektrisk og elektronisk utstyr som kjem inn under kategori 1, 2, 3, 4, 5, 6, 7 og 10 slik det er fastsett i vedlegg IA til direktiv 2002/96/EF (WEEE), og på elektriske lyspærer og lysarmatur i hushald.
2. Dette direktivet skal nyttast utan at det rører ved regelverket til Fellesskapet om tryggleiks- og helsekrav og det særskilde regelverket for avfallshandtering i Fellesskapet.
3. Dette direktivet skal ikkje nyttast på reservedelar til reparasjon av eller på ombruk av elektrisk og elektronisk utstyr som vert marknadsført før 1. juli 2006.

#### *Artikkel 3*

##### **Definisjonar**

I dette direktivet tyder

- a) «elektrisk og elektronisk utstyr» eller «EEE» utstyr som er avhengig av elektrisk straum eller elektromagnetiske felt for å kunne fungere på rett måte, og utstyr til produksjon, overføring og måling av slik straum og slike felt som er omfatta av dei kategoriane som er førde opp i vedlegg IA til direktiv 2002/96/EF (WEEE), og som er utforma for bruk ved ei spenning på høgst 1 000 volt for vekselstraum og 1 500 volt for likestraum,
- b) «produsent» alle personar som, utan omsyn til den salsmetoden som vert nytta, medrekna fjernkommunikasjon i samsvar med europaparlaments- og rådsdirektiv 97/7/EF av 20. mai 1997 om forbrukervern ved fjernsalgsavtalar<sup>(3)</sup>:
  - i) framstiller og sel elektrisk og elektronisk utstyr under sitt eige varemerke,
  - ii) sel vidare under sitt eige varemerke utstyr som er produsert av andre leverandørar, på ein slik måte at den personen som sel vidare, ikkje vert rekna som «produsent» dersom varemerket til produsenten er å finne på produktet i samsvar med i), eller
  - iii) driv yrkesmessig import eller eksport av elektrisk og elektronisk utstyr til ein medlemsstat.

Ein person som berre står for finansieringa i medhald av eller i samsvar med ei finansieringsavtale, skal ikkje reknast som «produsent» med mindre han eller ho òg fungerer som produsent i medhald av i)-iii).

<sup>(1)</sup> TEF L 78 av 26.3.1991, s. 38. Direktivet endra ved kommisjonsdirektiv 98/101/EF (TEF L 1 av 24.12.1999, s. 1).

<sup>(2)</sup> TEF L 184 av 17.7.1999, s. 23.

<sup>(3)</sup> TEF L 144 av 4.6.1997, s. 19. Direktivet endra ved direktiv 2002/65/EF (TEF L 271 av 9.10.2002, s. 16).

*Artikkel 4***Førebygging**

1. Frå 1. juli 2006 skal medlemsstatane sikre at nytt elektrisk og elektronisk utstyr som vert marknadsført, ikkje inneheld bly, kvikksølv, kadmium, seksverdig krom, polybromerte bifenylyl (PBB) eller polybromerte bifenyleterar (PBDE). Nasjonale tiltak som avgrensar eller forbyr bruken av desse stoffa i elektrisk og elektronisk utstyr, og som vart vedtekte i samsvar med regelverket til Fellesskapet før dette direktivet vart vedteke, kan haldast ved lag fram til 1. juli 2006.

2. Nr. 1 skal ikkje nyttast på dei typane bruk som er førde opp i vedlegget.

3. På grunnlag av eit framlegg frå Kommissjonen skal Europaparlamentet og Rådet, straks vitskaplege data er tilgjengelege og i samsvar med prinsippa for kjemikaliepolitikk som er fastsette i det sjette fellesskapshandlingsprogramet for miljø, gjere vedtak om å forby andre farlege stoff og skifte dei ut med meir miljøvennlege alternativ som sikrar minst det same vemenivået for forbrukarane.

*Artikkel 5***Tilpassing til den vitskaplege og tekniske utviklinga**

1. Alle endringar som er naudsynte for å tilpasse vedlegget til den vitskaplege og tekniske utviklinga, skal vedtakast i samsvar med den framgangsmåten som er nemnd i artikkel 7 nr. 2, for å:

- a) fastsetje, om naudsynt, grenseverdiar for kor stor konsentrasjon av dei stoffa som er nemnde i artikkel 4 nr. 1, som skal tillatast i særskilde materiale og komponentar i elektrisk og elektronisk utstyr,
- b) gje materiale og komponentar i elektrisk og elektronisk utstyr unntak frå artikkel 4 nr. 1 dersom det ikkje er teknisk eller vitskapleg mogleg å fjerne eller skifte dei ut ved hjelp av endringar i utforminga eller ved hjelp av materiale og komponentar som ikkje krev slike materiale eller stoff som er nemnde i artikkel 4 nr. 1, eller dersom den negative innverknaden dei har på miljøet, helse og/eller tryggleiken til forbrukarane på grunn av utskifting er venta å vere større enn føremonene for miljøet, helse og/eller tryggleiken til forbrukarane,
- c) vurdere på nytt kvart unntak i vedlegget minst kvart fjerde år eller fire år etter at eit punkt vert lagt til i lista, med det målet å vurdere om materiale eller komponentar i elektrisk eller elektronisk utstyr skal fjernast frå vedlegget dersom det er teknisk eller vitskapleg mogleg å fjerne eller skifte dei ut gjennom endringar i utforminga eller ved hjelp av

materiale og komponentar som ikkje krev slike materiale eller stoff som er nemnde i artikkel 4 nr. 1, eller dersom den negative innverknaden dei har på miljøet, helse og/eller tryggleiken til forbrukarane på grunn av utskifting er venta å vere større enn føremonene for miljøet, helse og/eller tryggleiken til forbrukarane.

2. Før vedlegget vert endra i samsvar med nr. 1 skal Kommissjonen mellom anna rådspørje produsentar av elektrisk og elektronisk utstyr, attvinningsføretak, handsamingsverksemder, miljøorganisasjonar og arbeidstakar- og forbrukersamanslutningar. Kommenterar skal sendast til det utvalet som er nemnt i artikkel 7 nr. 1. Kommissjonen skal gjere greie for den informasjonen han får.

*Artikkel 6***Revisjon**

Før 13. februar 2005 skal Kommissjonen revidere dei tiltaka som er fastsette i dette direktivet, for om naudsynt å ta omsyn til nye vitskaplege prov.

Innan denne dato skal Kommissjonen særleg kome med framlegg om utstyr i kategori 8 og 9 i vedlegg IA til direktiv 2002/96/EF (WEEE) som skal omfattast av verkeområdet til dette direktivet.

Kommissjonen skal òg undersøkje om det er naudsynt å tilpasse lista over stoff i artikkel 4 nr. 1 på grunnlag av vitskaplege fakta og samstundes som det vert teke omsyn til føre-var-prinsippet, og eventuelt kome med framlegg til Europaparlamentet og Rådet om slike tilpassingar.

I revisjonen skal det leggast særleg vekt på verknaden på miljøet og menneskehelse av farlege stoff og materiale som vert nytta i elektrisk og elektronisk utstyr. Kommissjonen skal undersøkje om det er mogleg å gjennomføre ei utskifting av slike stoff og materiale, og eventuelt kome med framlegg til Europaparlamentet og Rådet om å utvide verkeområdet til artikkel 4.

*Artikkel 7***Utval**

1. Kommissjonen skal få hjelp av det utvalet som er skipa ved artikkel 18 i rådsdirektiv 75/442/EØF<sup>(1)</sup>.

2. Når det vert vist til dette nummeret, skal artikkel 5 og 7 i avgjerd 1999/468/EF nyttast, samstundes som det vert teke omsyn til føresegnene i artikkel 8 i den nemnde avgjerda.

Tidsrommet som er nemnt i artikkel 5 nr. 6 i avgjerd 1999/468/EF, skal vere tre månader.

3. Utvalet fastset møteføresegnene sine.

<sup>(1)</sup> TEF L 194 av 25.7.1975, s. 39.

*Artikkel 8***Sanksjonar**

Medlemsstatane skal fastsetje dei sanksjonane som skal nyttast på brot på dei nasjonale føresegnene som er vedtekne i samsvar med dette direktivet. Dei fastsette sanksjonane skal vere verk-  
nadsfulle, svare til brotet og hindre nye brot.

*Artikkel 9***Innarbeiding i nasjonal lovgjeving**

1. Medlemsstatane skal innan 13. august 2004 setje i kraft dei lovene og forskriftene som er naudsynte for å rette seg etter dette direktivet. Dei skal straks melde frå til Kommissjonen om dette.

Når desse føresegnene vert vedtekne av medlemsstatane, skal dei ha ei tilvising til dette direktivet, eller det skal visast til direktivet når dei vert kunngjorde. Medlemsstatane fastset korleis tilvisinga skal gjerast.

2. Medlemsstatane skal sende Kommissjonen teksta til dei

lovene og forskriftene som dei vedtek på det området som dette direktivet omfattar.

*Artikkel 10***Iverksetjing**

Dette direktivet tek til å gjelde den dagen det vert kunngjort i *Tidend for Den europeiske unionen*.

*Artikkel 11***Adressatar**

Dette direktivet er retta til medlemsstatane.

Utfërda i Brussel, 27. januar 2003.

*For Europaparlamentet*

P. COX

*President*

*For Rådet*

G. DRYS

*Formann*

## VEDLEGG

**Bruk av bly, kvikksølv, kadmium og seksverdig krom som har unntak frå krava i artikkel 4 nr. 1**

1. Kvikksølv i kompaktlysøyr opptil 5 mg per lampe.
2. Kvikksølv i rette lysstofføyr til allmenne føremål opptil:

— halogenfosfat	10 mg
— trifosfat med normal levetid	5 mg
— trifosfat med lang levetid	8 mg
3. Kvikksølv i rette lysstofføyr til særskilde føremål.
4. Kvikksølv i andre lampar som ikkje er uttrykkjeleg nemnde i dette vedlegget.
5. Bly i glas i katodestrålerøyr, elektroniske komponentar og lysstofføyr.
6. Bly som legeringselement i stål som inneheld opptil 0,35 vektprosent bly, aluminium som inneheld opptil 0,4 vektprosent bly og som koparlegering med opptil 4 vektprosent bly.
7. — Bly som loddemateriale med høg smeltetemperatur (t.d. legeringar med tinn og bly som inneheld meir enn 85 % bly),
  - bly i loddemateriale i tenarar, lagrings- og matriselagringssystem (det er gjeve unntak fram til 2010),
  - bly i loddemateriale til utstyr til nettinfrastruktur for kopling, signalering, overføring og nettverksdrift for telekommunikasjon,
  - bly i elektroniske keramikkomponentar (t.d. piezoelektriske innretningar).
8. Overflatehandsaming med kadmium, bortsett frå bruk som er forboden i medhald av direktiv 91/338/EØF<sup>(1)</sup>, som endrar direktiv 76/769/EØF<sup>(2)</sup> om avgrensing av marknadsføring og bruk av visse farlege stoff og preparat.
9. Seksverdig krom til rustvernmiddel i kjølesystem av karbonstål i absorpsjonskjøleskap.
10. Innanfor ramma av den framgangsmåten som er nemnd i artikkel 7 nr. 2, skal Kommisjonen vurdere bruken av:
  - dekabromdifenyleter,
  - kvikksølv i rette lysstofføyr til særskilde føremål,
  - bly i loddemateriale i tenarar, lagrings- og matriselagringssystem, utstyr til nettinfrastruktur for kopling, signalering, overføring og nettverksdrift for telekommunikasjon (med sikte på å fastsetje ein særskild frist for dette unntaket), og
  - lyspærer,for å fastsetje så snøgt som råd om desse punkta skal endrast tilsvarande.

---

<sup>(1)</sup> TEF L 186 av 12.7.1991, s. 59.

<sup>(2)</sup> TEF L 262 av 27.9.1976, s. 201.